

## Styremøte

**Tid:** 28. mars 2007, kl 19:00

**Stad:** Kronborg, Førde

**Tilstades:** Sissel Strømmen, Guttorm Kleppe, Leif Laache, Rune Berge og Heidi Fureli,

**Skrivar:** Guttorm Kleppe

### 1. Info saker

- a. NPF's Padleting 2007 Guttorm og Rune møte for SKK
  - i. NPF har no visjon og satsing mot ungdom.
  - ii. NPF vil utarbeide / vidareføre internkontrollsystem som klubbane kan nytte i sikkerheitsarbeid.

### 2. Naustet

- a. Stranda >> vegen vidare
  - i. Følgje prosessen vidare når Oppseteiendom kjem med nytt utkast til regulering.
- b. Nye nøkkelkort til naustet
  - i. Rune har bestilt 100stk nøkkelkort, ein fordeler ved at medlemar bytter mot nye kort.
- c. Merking av kajakkar og plassar i naustet
  - i. Guttorm merkar plassane til dei som har kajakkar i naustet.
- d. Informasjonsplansjar i naustet (klubbinfo, aktivitetsskalender og torsdagsansvarlege)
  - i. Guttorm i samarbeid med andre i styre utarbeidar plansjar og henger dei på ei oppslagstavle i naustet.
  - ii. Kunne vore fint og utarbeide eit namneskilt som ein har på utsida av naustet. Pluss at ein har ein enkel laminert foldar på utsida av naustet.
- e. Investeringar i forhold til Tippemidlane
  - i. Tore skal sette opp liste på kva som gjenstår av investering for og ferdigstille den innvendige delen av naustet.
  - ii. I neste omgang vil SKK gå til innkjøp av utstyr for og avslutte investeringane i forhold til tippemidlane.

### 3. Kajakkbasen

- a. Bestemme ansvarsperson
  - i. Guttorm er kontaktperson mot fylkeskommunen og for reservering av kajakk.
- b. Avtale med fylkeskommunen
  - i. Rune har snakka med Frode om avtale med fylkeskommunen. Vil blir underskriven etter påske. Utforma på eige skjema.
- c. Rutiner for bruk av klubbkajakkane
  - i. Bruke dei rutinar som ein utarbeida i 2006.

### 4. Aktivitetsplan/Møteplan framover

- a. Trening ute og i symjehallen
  - i. Bassengpadling 4stk søndagar frå etter påske
  - ii. Torsdagspadling starte 12april. Der ein har padlinga kl.1800, då medlemmane skal vere klare til starte og padle.
  - iii. Rune har tenkt og ha trening på tysdagane, men det er noko som Rune vil ta litt frå gang til gang.

- b. Turprogram for våren
  - i. Eige turprogram, utarbeidast av Guttorm og Heidi til 30mars.
  - ii. Turbeskrivelse på førehand. Utarbeide system for gradering av tur. evaluering av turane etter at turen er gjennomført.
- c. Kursprogram for 2007
  - i. Bjørn skal ha kurs i Bygstad: 20-22april, 11-13mai, 03juni(aktivitetsdag), 06-08juli.
  - ii. Rune skal ha diverse kurs i Førde. Datoar kjem seinare.
  - iii. Introkurs noko som Bjørn og Rune vil ta etter behov. Pluss at Rune vil lage ein foldar som ein distribuerar til butikkar som sel kajakkar. Om at ein bør ta introkurs før ein byrjar og padle.
- d. Medlemsmøter og temakvelder
  - i. Medlemsmøter blir utforma som temakvelder. -Førstehjelp -Reparasjon - Bekledning og typar av kajakk -Sikkerheit og navigering
- e. Deltaking på ulike arrangement
  - i. Fylkeskommunen skal ha opplegg på Tungastølen. Sissel deltar.
  - ii. 4H 30juni. Steinavågen i Standalen. Ønske og ha med kajakk. (reservere kajakkbasen)
  - iii. Aktivitetsdag på sanden i Naustdal søndag 19.august kl. 12.00 - 18.00
- f. FNF (Sissel er kontakt)

## 5. Kompetanseheving i klubben - ELV & HAV

- a. Støtte utdanning i elv
  - i. SKK og UngArena kan vere med på og finansiere kursing av framtidig ansvarlige på elv. Der ein startar på kursstigen til NPF. Så klubben kan tilegne seg instruktørar.
- b. Lokalt "inspirasjonsopplegg" for aktivitetsleiarar i klubben
  - i. Samling for torsdagsansvarlege og turleiarar. Der ein diskuterer ansvarsforhold.
  - ii. Rune utarbeide forslag til kva ansvarlege skal ha med på korte og lange turar. (bag med utstyr)
- c. Støtte deltaking på teknikkurs og aktivitetsleiar kurs
  - i. SKK støtar klubbmedlemar som har tenkt og vere aktive som tur og torsdagsansvarlege med kr.1000,- per kurs.

## 6. Endring av heimesida

- a. Avtale med Kristian
  - i. Har avtale om at Kristian skal ha klar ny side til 30mai.
- b. Innhald på sida
  - i. Styre bør tenke over kva ein skal ha på h-sida, til neste styremøte.
- c. Faste spalter? - fordele oppgåver? - redaktør?

## 7. Andre informasjonskanalar til medlemmane

- a. Bruk av "oppslagstavla" i Firda
  - i. Kan brukast når ein ønskjer, men det er ikkje garantert at det kjem med.
- b. SKK-nytt (nyheitsbrev):
  - i. Rune ønsker og vere redaktør for SKK-nytt.
  - ii. Turtips
- c. Fange opp innspel frå medlemmane
  - i. Oppfordre gjennom heimeside og SKK-nytt.